

På toget

2 personar:

Mor og eit barn sit på toget.

Mor sit og les ei spennande bok, barnet ser seg rundt.

BARN: *(Dunkar bort mor)* Kva heitte den førre stasjonen, mamma?

MOR: *(Småirritert)* Ikkje mas, du ser vel at eg sit og les!

(Toget køyrer vidare, mor les, og barnet ser seg vidare rundt. Etter ei lita stund spør barnet igjen.)

BARN: Mamma! Kva heitte den førre stasjonen?

MOR: *(Mer irritert)* Ikkje mas, sa eg! Eg les!

(Toget køyrer vidare, barnet er meir stressa no ...)

BARN: Mamma! Kva heitte den førre stasjonen?

MOR: *(Med sint stemme)* Klarer du ikkje å la vere å mase? Kvifor spør du heile tida om kva den førre stasjonen heitte?

BARN: Jo, for det var der Veslebror gjekk av toget ...



Ei mor og ein gut sit i ein togkupé. Mora har briller, håret i ein hestehale, ei rynke mellom augebryna og nasen i ei bok. Guten er kanskje 7–8 år, har litt bustete hår og sit på knea på vindaugsplassen, med nasen klemd mot ruta. Han ser ut av togvindauga. Guten er litt uroleg og dyttar i mora for å få merksemd, men ho ser ikkje opp frå boka si. Ho er irritert og synest at guten er masete. Guten blir meir og meir uroleg. Det er nokre teiknesaker, ei vassflaske og ein matboks på plassen til guten. På vindauga er det damp etter pusten hans. Det er andre folk i kupeen også, men alle er opptekne med sitt; dei les, søv eller ser ein annan veg. Gjennom vindauga kan vi sjå ein konduktør som blæs i fløyta eller viftar med eit flagg på veg inn på toget. Vi ser også ein gut som liknar guten på toget, same bustehår, med ein annan farge på genseren, på veg vekk frå toget.